

Opplevingslandskap Kaupanger Hovedgård

er eit prosjekt starta av Knaken i samarbeid med eigarane av garden.

Prosjektet tek sikte på å gjenskape landskapet kring Kaupanger Hovedgård og Kapanger stavkyrkje slik det såg ut i perioden 1850-1960. Samtundes er målet å opparbeide eit område der folk kan oppleve det mangfaldet av kulturminne som i dag skjuler seg i landskapet.

I 2003 freda Riksantikvaren Kaupanger Hovedgård, som har vore eigd av familien Knagenhjelm i over 300 år. Fredninga er ein av dei største områdefredingane av privat eigedom i Noreg. I samband med fredinga uttalte Riksantikvaren at Kaupanger Hovedgård, saman med Kaupanger stavkyrkje er eit unikt kulturmiljø i Noreg.

I denne brosjyra finn du nokre døme på kva som skjuler seg av kulturminne i området. Ynskjer du meir informasjon spør beteninga på Knaken. Det er òg mogleg å tinge omvisning i kulturlandskapet.

Bruk augene godt! Kan hende finn du spor etter tufter, gravhauger og anna som syner korleis folk nytta seg av landskapet før i tida!

- Det beitar husdyr i området. Lat difor att grinder og hald hundar i band.
- Vi ber om at søppel vert teke med til næraste søppelkasse.
- Ver merksam på at kulturminna i området er freda. Det må ikkje gravast i, eller gjerast andre formar for skadeverk på desse.

Knaken kafe og kulturformidling
Sauefjøsén, Havnebakken 1, 6854 Kaupanger
0047 48 00 48 17
Facebook: Knaken

KNAKEN

Opplevingslandskap Kaupanger Hovedgård 2013






1140 AD

Unn og Lavrans vandra opp bakken frå bukta. Det var dei første som skulle inngå giftarmål i den nye kyrkja. Unn myste glad opp mot vårsola og kjende eimer av nybreidd tjære...

I samband med restaureringa i 1964-65 fann arkeologar restar etter to eldre stavkyrkjer under den noverande. Den eldste vart truleg bygd på første halvdel av 1000-talet. For kvar gong det vart reist ny kyrkje, vart størrelsen dobla. Heller ikkje dette var nok, og snart vart den noverande forlenga med to stolpepar. Utvidinga av kyrkjene fortel òg noko om folketallet i Kaupanger og kor mange som nytta kyrkja på denne tida.



Skisse frå før 1850, som syner Kaupanger Hovedgård sin dåverande hovudbygning og landskapet rundt. Anlegget brann ned i 1850 og vart erstatta av noverande hovudhus.

960 AD

Ulf og mannskapet kryssa fjorden og var på veg inn Amlabukti. Skipet var lasta med kvernstein frå Hyllestad. På Mikkjelsmesse var det alltid mykje folk på kaupangen og planen var å bytte kvernsteinen mot jernreidskap laga på kaupangen...

Ved strandlinja her i Kaupanger ligg dei eldste spora etter det som i mellomalderen var den einaste byen mellom Bergen og Borgund på Sunnmøre. Her er det mellom anna funne avfall frå jernsmiing frå slutten av vikingtida. Vi veit òg at det skal ha stått bygandar, badstuer og bryggeanlegg i området.



1185 AD

Smedsveinen Guttorm hadde arbeida heile dagen med å slå klinknaglar til det nye leidangskipet. Det var eit kjedeleg og monotont arbeid, men som lærling kunne han ikkje akkurat nekte. Eigentleg prisa han seg lukkeleg over å være i live. Hendingane året før, med nedbrenning av kaupangen, og drapet på gamlekongen kunne fort ha vore slutten for hans del...

Funn frå arkeologiske utgravingar, og tolkingar av desse, gjer at vi kan danne oss eit bilete av livet på kaupangen. Hus og gjenstandar som keramikk, klebergryter og spinnehjul fortel at det budde både menn og kvinner her.

1661 AD

Sagmeisteren Tore kauka oppover elva til lærlingen som hadde teke seg ein ekstra rast. Det hasta med å bli ferdig med borda som skulle til England om ein måned. Når som helst kom godseigarar Iver Wind for å inspisere...

På midten av 1600-talet hadde det vore saga med oppgangssag i Kaupanger-elvi i nærare eit århundre. Før dette vart alt tømmer telja med øks. Arkeologiske restar etter kaupangen fortell og om verdiane. Nyare funn kan tyde på at to av dei verdskjende vikingskipa som vart funne utanfor byen Roskilde i Danmark kan ha vore bygd her i Kaupanger!

1985 AD

Helga sto i dampen frå bakarovnen og tok ut den nybakte eplekaka ho hadde lagt so stor flid i. Seinare på dagen var det japanske keisarparet venta til garden og godseigarfrua, Wibeke, hadde tilkalla hjelp til baking og vasking...

Hovedgårdan har ei historie som går langt attende, og har hatt ein sentral posisjon og kontaktar med storfolk over heile verda.

Garden vart kjøpt av lagrettemann Niels Knag i 1710 då han vart adla etter å ha framforhandla ein avtale mellom den dansk-norske kongen og Russland. Etter å ha blitt adla endra Niels Knag namnet til Knagenhjem.

